



REFERAT – INSTITUTTRÅDSMØTE 20.05.21

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse
2021/6578

Møtedato
20.05.21

Referatdato
21.05.21

Referent
Steinar Thunestvedt

Innkalt av
Steinar Bøyum

Deltakere: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Kevin Cahill, Mette Hansen, Alois Pichler
Ståle Melve, Leon Commandeur, Haakon Schrøder, Audun Haddal (vara), Atle Ytrehus (vara)

Saker

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste, men noko forvirring om studentrepresentasjonen.

NB! Natalie Timland er ikkje fast representant lenger, og Atle Ytrehus møter i staden.

II Orienteringssaker

- Referat frå fakultetsstyremøte 11.05.21. Eivind Kolflaath orienterte om dei viktigaste sakene: Stipendiatoversikt, nytt dekanat, justering i FUND-ordning, vikarar for åremålsansatte, delegasjon av tilpassingsaker, valgprosessane. NB! Haakon Schrøder er vald som studentrepresentant til fakultetsstyret.
- Referat frå sist møte i Utval for Examen philosophicum: Vibeke Tellmann orienterte, bl.a. om innsparingssaka (jf. neste punkt)
- Innsparingar ved Examen philosophicum: Instituttleiar orienterte nærare om innsparingspakke, som i hovudsak blir reduksjon av seminar frå 12 til 11 og noko reduksjon i rettleiingsbyrden.
- Status for rekrutteringsstillingar ved HF: Instituttleiar gjorde greie for prosessen som no har ført fram til at vi foreslår å lyse ut to stipendiatstillingar.

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

Telefon 55 58 00 00
postmottak@uib.no
Internett www.uib.no
Org no. 872 789 542

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
fof@hf.uib.no
Telefon 55 58 23 82
Telefaks 55 58 96 51

Besøksadresse
Sydnesplassen
12/13
Bergen

Referent
Steinar Thunestvedt
55582384

- Lønn til studenter – tildeling av midler til enhetene. Institutta har fått ytterlegare 144 000 i midlar til studentassistentar. Instituttet har vidareført dei 4 engasjementa vi har allereie og supplert med 5/6 nye.
- Høringssak: Åpne læringsressurser – utredning av problemstillinger knyttet til regelverket. Instituttleiar gjorde greie for saka og inviterte interesserte til å melde inn synspunkt.

III Vedtakssaker

2021-11 Utlysning av to stillingar som førsteamanuensis

Forslaget legg til grunn at det blir lyst ut to separate stillingar, med to separate tilsettingsprosessar: Ein stilling i teoretisk filosofi og ein stilling i praktisk filosofi.

Representantane Cahill og Tellmann argumenterte for at denne kategoriseringa av stillingane i realiteten kunne ekskludere søkjarar med eit filosofishistorisk tyngdepunkt eller med eit kontinentalfilofisk perspektiv. Det var noko diskusjon om denne problemstillinga, og i diskusjonen ble det også tatt til orde for å utsetje saka til neste møte. Dette vart stemt ned (med 7 mot 4 stemmer).

Diskusjonen medførte at instituttleiar justerte framlegget sitt noko: Utlysningstekstane bør gjere det klart at ein også imøteser søkjarar med filosofihistorisk bakgrunn.

Det kom alternativ framlegg (frå Cahill/Tellman) om å lyse ut begge stillingane heilt ope.

Det blei stemt over dei to framlegga. Instituttleiinga sitt justerte framlegg fekk 7 stemmer og det alternative framlegget 4 stemmer.

Vedtak:

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier lyser ut to stillingar som førsteamanuensis i filosofi, ein for teoretisk filosofi og ein for praktisk filosofi. Utlysningstekstane blir utforma slik at den ikkje er ekskluderande for søkjarar med filosofihistorisk bakgrunn.

2021-12 Utlysning av to stillingar som stipendiat

Instituttleiar gjorde greie for prosessen som no har munna ut i at FoF kan lyse ut to stillingar som stipendiat i filosofi, i tråd med tidlegare vedtak i instituttrådet. Ein ønskjer likevel at tilsettingsprosessen blir noko justert i høve til det ein såg for seg den gongen..

Det var noko diskusjon om det burde vere to separate innretningar på utlysingane samt i kva grad forskningsgruppene bør involverast i tilsettingsprosessen

Vedtak:

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium lyser ut to opne stipendiatstillinger snarast mogleg.

2021-13 Regnskapsrapport etter 1. tertial 2021

Rekneskapsrapport etter 1. tertial blei presentert. Den viser at instituttet sin driftsøkonomi er svært god ved inngangen til sommaren, og godt i tråd med målsetjingane i budsjettet.

Vedtak:

Instituttrådet tar regnskapsrapport etter 1. tertial til orientering.

Eventuelt

Haakon Schrøder tematiserte ulike sider ved valgprosessen for studentane. Studentane blei oppmoda om å sørge for kvinneleg representasjon i instituttrådet, slik regelverket tilseier.